



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

MØTEBOK Balestrand sokneråd (SR).

Møtedato: 30 09 21

Møtetid: Kl. 19:30-21:45

Møtestad: Kyrkjestova, Tjugum.

Desse møtte: Kari Kvikne (leiar), Anne Karin Solheim Sjøthun, Berit Støle, Jenny Kristin Menes, Laila Vang, Ole Eilifsen, Per Tusvik, Kristi Nygård, Helge Ulvestad

Forfall: Kjetil Netland, sokneprest.

Vara: Geir Sørebo, vikarprest.

Saker:

51/21: Godkjenning av innkalling.

Ingen merknad

52/21: Godkjenning av referat frå førre møte.

Ingen merknad.

53/21: Orienteringssaker:

- Orientering frå fellesrådet
 - Budsjettnnspel til kommunen. Helge orienterte.
- Høyringsfråsegn til ny organisering av DNK. Geir Sørebo gav ei grundig orientering om bakgrunn for omorganiseringa og om utfordringar med dei ulike alternativ.
- Orientering frå nemnd som vurderer retningslinjer for bruken av fond for Kvamsøy kyrkje. Helge orienterte. Soknerådet gav tilslutning til at det vert løyvd midlar frå fondet til rehabilitering av kyrkja.
Endeleg tilråding frå nemnda vert sendt på epost til soknerådet.
- Info frå Mali.
- Møtereferat frå kyrkjestovenemnda og informasjonsnemnda.
- Oppstart av kyrkjekaffi etter coronapandemien.

Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til vitande med flg merknader:

- SR takkar kyrkjestovenemnda og informasjonsnemnda for arbeidet. Helge sende mail.
- Oppmoding om reingjering av filter i oppvaskemaskina vert teke vidare med kyrkjetenar. Ansvar: Kari.
- Gudstenestene går no tilbake til normal ordning som før coronapandemien: ein treng berre ein kyrkjevert, kyrkjekaffi startar opp, konfirmantane er med kyrkjeverten med

oppgåver som tidlegare, barnesamlingane vert starta opp att, avstandskravet er oppheva.

- Kari omfordeler personar til nye oppgåver.
- Henning Sagevik vert spurd om å organisere barnesamlingane. Ansvar: Ole Eilifsen.

54/21: Møteplan hausten 2021.

Dag og tid: Møtene vert lagt til torsdagar kl 1930.

Datoar: 4. November, 9 desember, 20. januar, 3. mars, 19. mai.

55/21: Hauge førestilling (feiring av 250 års jubileum, Hans Nilsen Hauge):

Vedtak:

Soknerådet ynskjer å gjennomføre arrangementet i samarbeid med pensjonistlaget.

Framlegg til pensjonistlaget:

For å unngå kollisjon med hausttakkefest på Sygna, vert søndag den 31. oktober valt.

Soknerådet stiller kyrkja til fri disposisjon. Inngangsbilletter går til kyrkja (oppvarming, reingjering), honorar delast likt mellom pensjonistlaget og soknerådet.

Kari kontaktar pensjonistlaget.

56/21: Takkoffer til Bjørgvin si venskapskyrkje på Cuba.

Vedtak: Saka vert utsett til offertildeling til våren.

57/21: Julekonsert – planlegging.

Vedtak: Julekonserten er bestemt til 12. desember. Laila og Jorunn organiserer.

58/21: Soknerådsturen den 11-13 februar -22.

Orientering ved Jenny:

- det er valt tema og skaffa talar.
- I nemnd sit Kjetil, Jenny og Helge. Forslag om å supplere med Åshild Alte Sagevik.

Vedtak: Åshild vert spurt om å delta i nemnda. Ansvar: Jenny.

59/21: Gudstenestereform.

Orientering ved G Sørebo: Gudstenestereforma har vore drøfta i kyrkja i fleire år. Balestrand sokn har implementert fleire av forslaga og Sørebo sitt forslag er at ein ikkje treng fokusere nærare på dette no.

Vedtak: Forslaget vedteke.

60/21: Ymse.

- Omfordeling av personar til nye oppgåver etter coronapandemien er over. Sjå orienteringssaker.
- Gudstenesteplan vår -22:
 - Framlegg frå Kjetil / kyrkjekontoret
 - SR har ikkje merknad til planen og tek framlegget til vitande.
- Blomst til Kjetil Netland under sjukdomsperiode:
 - Soknerådet vil gi Kjetil blomst og ei bok med beste ønske for tida framover. Ansvar: Kari.

Med venleg helsing
Kari Kvikne
-leiar-